

MOTTATT

28 APR 2008

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Postboks 6019 - Dep.
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200800333-32/015/DAHI

Bergen, 24. april 2008

Høyring om oppfølging av Stortinget sitt vedtak om ny alderspensjon frå Folketrygda – høyringsfråsegn

Fylkeseldrerådet i Hordaland hadde utkast til lovendringar føre i rådsmøte 31.03.08, sak 09/08 – og vedtok å kome med fylgjande fråsegn:

”Ein kan ikkje sjå at det i høyringsframlegget er teke særleg omsyn til dei mange og til dels vesentlege innvendingar som er komne mot den nye pensjonsordninga heilt frå at første rapport frå kommisjonen vart lagt fram.

Når det gjeld årleg oppregulering av alderspensjonen er vi *ikkje* samde i at det skal gjerast på grunnlag av lønsveksten i samfunnet minus 0,75 prosentpoeng – (over tid gjennomsnittet av løns- og prisveksten). Pensjonistane bør ha same rett som lønstakarane til å ta del i velstandsutviklinga i samfunnet. Det må vere eit krav at den årlege reguleringa av alderspensjonen følgjer dei retningslinene som Stortinget vedtok 28. mai 2003, (Inst. nr. 223, 2002 -2003). Berre slik kan ein sikre at alderspensjonistane får ei inntektsutvikling på line med dei yrkesaktive.

Alleårsregelen vil redusere pensjonen gjennom livsløpet for dei som av ulike årsaker arbeider deltid i perioder, og såleis opparbeider seg mindre pensjonspoeng. Det er som oftast kvinner som vel å redusere arbeidstida. For desse gruppene vil besteårsregelen vere langt betre.

Studietid bør også kvalifisere for pensjonsopptening. At studietid ikkje vert rekna med kan føre til at mange vel vekk høgare utdanning. Det er ikkje samfunnet tent med. Difor må studietid verdsettast og akseptrast på line med pensjonsgjevande inntekt.

Fylkeseldrerådet meiner at det er greit med ei fleksibel pensjonsordning når det i tillegg eksisterer tilfredsstillande ordningar for dei som kanskje av helsemessige årsaker må slutte i arbeidslivet tidligare enn ordinær pensjonsalder. Men når det gjeld levealdersjustering vil dei som treng å slutte i arbeid ved fylte 62 år få vesentleg mindre pensjon enn dei som står i arbeid til dei er 70 år eller meir. Ordninga favoriserer dei som har yrkesbakgrunn, helse til utsett pensjonering og lang restlevetid. Slik vil tidligpensjonistane subsidiere dei som venter med å pensjonere seg”.

For Fylkeseldrerådet i Hordaland


Olga Johannessen
-leiar-